



# PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR.1, 63. ÅRGANG, 2024



Ljos over grav som oss livsvoni gav, rann med Guds Son i frå daude.  
Solrenning klår som den venaste vår steig over gravplassen aude.  
Ljoset og livet for alle mann strålende opp med vår Frelsar rann.

Engelen kvad over daudstille stad: Krist er med siger oppstaden!  
Sigrande vel over ormen frå hel båtte han brotet og skaden.  
Syndi er sona og såret grødt, livet av daude er atter født.

Menneskeson, du til levande von ved di oppreising oss fødde!  
Liv gjennom grav ved din daude du gav, då for oss alle du blødde.  
Alle som levande på de tru, døyande skal i ditt ljøs få bu.

Ljos over grav, fall som solskin på hav når me frå verdi skal fara!  
Lys oss i land til den livsæle strand, fram til det liv som skal vara,  
Så me ved ljuset frå påskedag sæle kan leva i englelag!

**PÅ KYRKJEVEG**

Kyrkjeblad for Øystre Slidre  
**Utgjevar:** Sokneråda i Øystre Slidre.  
 Bladet kjem med 4 nummer i året.

**Redaksjon:** Eli Vatn, Martha Viken, Ingrid Meyrick,  
 Gunvor Hegge og Oddveig Holdal Weeg.

**Konto nr.:** 2135 25 01678 / **VIPPS:** 105751  
**Lay-out:** designsaskia.no  
**Trykk:** Bekkevolds Lyskopi ANS

I **dette nummeret** er det spesielt fokus på Volbu sokn. I neste nummer vil vi fokusere på Rogne sokn. Kom gjerne med idéar til stoff.

**Frist for innlevering av stoff til neste nummer:**  
 2. april 2024

**Framsida:** Volbu kyrkje.  
**Foto:** Eli Vatn



**ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD**

Kyrjekontoret, Tingvang, Bygdivegen 1989,  
 2940 Heggenes

E-POST: post.oystreslidre@kyrkja.no

KONTORTID: Alle dagar 10 - 14

**MERK NYE TELEFONNUMMER!**

KYRKJEVERJE: Ove Ekerbakke	481 40 309
SOKNEPREST/FJELLPREST: Eli Vatn	991 29 976
PROST: Carl Philip Weisser	915 55 504
SEKRETÆR: Oddveig Holdal Weeg	916 38 300
KYRKJEGARDSARBEIDAR: Jon Gunnar Solhaug	952 19 341
KYRKJEMUSIKAR: Magne Olav Selland	934 19 294
TRUSOPPLÆRAR: Marianne Straum	901 21 647

**SOKNA VÅRE**

HEGGE KYRKJE Vipps: 515422

Klokkar: Ola Magnus Vatn Weisser  
 Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug  
 Reinhaldar: Synnøve Rødningen  
 Soknerådsleiar: Ole Martin Alfstad

VOLBU KYRKJE Vipps: 590221

Klokkar: Hildur Vingdal  
 Kyrkjetenar: Svein Hegge  
 Reinhaldar: Svein Hegge  
 Soknerådsleiar: Solveig Hårdnes

LIDAR KYRKJE Vipps: 135151

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum  
 Kyrkjetenar: Harald Melby  
 Reinhaldar: Harald Melby  
 Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie

ROGNE KYRKJE Vipps: 587467

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum  
 Kyrkjetenar:  
 Reinhaldar:  
 Soknerådsleiar: Wenche Melbybråten



**SOKNEPRESTEN HAR ORDET**

**Korleis vil vi at kyrkja vår skal vera?**

Ei av gledene dette året er at vi er i gang med nye sokneråd. Vi møttest for å tenke høgt saman om kva vi vil for kyrkja vår i denne perioden. Gleda mi knyter seg til den positive haldninga eg møter i råda. Det har vore stor vilje til å ta verv og oppgåver, sjølv leiarverva gjekk det greitt å fylle. Likeså er det godt å arbeide saman med råd som har så gode og bevisste tankar om korleis dei ynskjer kyrkja vår skal vera.

Ei open kyrkje, å ta vare på tradisjonane spesielt ved merkedagane i livet vart ofte nemnt, men også å legge til rette for fleir-kulturelle og-religiøse møte. Sunn religion og menneskeverd vart løfta fram og likeså vakre kyrkjer og kyrkjegardar. Ein ynskjer at kyrkja skal vera ein god stad å koma til, gje rom for ro, ta vare på det folkelege og vår kulturelle identitet. Dette er verdjar og ynskje vi gjerne knyter til folkekyrkja.

Open kyrkje, det er så mangt, det kan handle om ei forkynning som gjer at alle skjønner at dei høyrer til, og er velkomne. Ho kan godt vera utfordrande tenkjer eg, vi treng å kjenne at vi har ei oppgåve, at noko er forventa av oss, at vi kan bidra. Open kyrkje handlar om at når du treng kyrkja sine tenester, er vi der for folk. Det legg vi og stor vinn på i arbeidsstokken i kyrkja. Open kyrkje handlar også om at kyrkjeromma er opne for menneske.

Kyrkjeromma er bygd med eit sikte: «Den som går inn kyrkjedøra, kjem til eit rom som er bygd for dei ufattelege og gåtefulle dimensjonane i livet, der vi er ved grensa til det vi kan forstå og setje ord på.» Sitat frå Oslo bispedøme sin faldar «Åpen kirke»

Slike opne kyrkjer har vi fleire av i kommunen vår. Lyskapellet står alltid ope på dagtid når det er folk på helsesportssenteret. Hegge kyrkje vil, takka vere frivillige vertar, stå open fleire dagar i sumar, Volbu kyrkje er open for lystenning, stille bøn eller berre å vera i omlag ein måndag i månaden.

Opne for å samtale om dei store og små spørsmåla i livet er vi også nokre onsdags formiddagar kl. 12.-14. Lat oss kalle det DUGURDSPRAT.

Dette er eit nytt tiltak som starta den 28. februar i Rogne Kyrkjestogo.

Fyrste høvet etter at Kyrkjebladet er kome i trykken er onsdag 17. april.

Hjarteleg velkomne!  
 Ta kontakt med Eli tlf. 99129976 eller e-post ev869@kyrkja.no for å få vite kor vi møttest eller du har andre spørsmål.



**Lat viljen din råda**

AV: **BISKOP OLE KRISTIAN BONDEN**  
 PORTRETTFOTO: **LARS MARTIN BØE**

Det tomme mørkret som fyller langfredag kan vi kjenne oss att i. Kanskje kan vi også kjenne att sorga, omsorga og kjærleiken som blir vekt i oss i møte med den lidande og den døde?

Jesus skal snart takast ned frå krossen og leggast i grava. Og kvinnene ved krossen skal snart kikke inn i det tomme mørkret i grava, fylde av sorg, omsorg og kjærleik. Men kvar er Gud i alt dette meiningslause? Finst det håp?

Jesus bad i Getsemane-hagen før han vart tatt til fange og krossfest: «Lat viljen din råda». Vi feirar ikkje påske fordi Jesus døydde på krossen. Vi feirar påske fordi fortsetjing følgjer.

Bøna i Getsemane er som eit ekko frå Fadervår: «Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen». Det er ikkje ei stadfesting på at alt som skjer på jorda

er Guds plan. Det er ei bøn om at Guds himmelske vilje skal skje i alt som møter oss på jorda, også i møte med liding og død, at noko skal nyskapast.

Kan det finnast ein god Gud, når det er så mykje vondskap i verda? Det spørsmålet står framleis uløyst, men det står ikkje utan svar. Gud er skjult for oss, men Jesus er synleg. Kristus på krossen fortel oss noko om Gud. Vi ser Guds kjærleik spikra på ein kross. Vi ser Guds nærvære i den lidande. Og vi kan kjenne att nauda i verda og menneske si liding i Jesu død, også i fortvilinga, einsemda, kjensla av å vere attgløymd av Gud, ropet og stilla. Vi kjenner att døden og dødskreftene.

Men vi kjenner att meir. I den krossfeste Jesus kjenner vi også att evangeliet om skaparen av himmel og jord. Han som

gir livet sitt for venene sine, som byd oss å elske vår neste, som gjer sjuke friske og reiser opp den som snublar. Han tar til seg menneske som er på utsida, og forkynner nåde og hjartelag i ord og handling. Han syner oss ein kjærleik som er sterkare enn døden. Etter langfredagen si sorg og mørker kjem påskemorgonen med lys og glede. Det skjer og livet vert skapt på ny. Fortsetjing følgjer.

Gud er nær, og kjærleiken er sterkare enn døden. Den tomme krossen minner oss om døden, men først og sist er det teiknet på den oppstadne Kristus. Livet sigrar. Guds nærleik og kjærleik finst i verda.

God påske!



Utsnitt av altartavla i Volbu kyrkje. Foto: Saskia Aleida Van Veen.



# Verdien av makt

Det er 30 grader minus den dagen ordførar Bjarne Budal og eg har avtalt å vandre og samtale om verdien Makt. Eg leikar med tanken om å gå pratande fort i gangane, som på ein lege- eller advokat-serie, eller ta heisen opp og ned som «gutteklubben grei» på serien Makta. Men ordføraren forsikrar meg om at han er herda frå sitt tidlegare liv som aktiv slalåmkøyrar. Med nasane i ullskjerf legg vi i veg langs vegen til det nye bustadfeltet med utsyn over Heggefjorden.

Eg er imponert over at han har blitt ordførar etter berre å ha budd i kommunen i 11 år: Ikkje snakk om måtte ha budd her i tre generasjonar for å bli rekna med her, nei. Eg skjønar at Bjarne ikkje har tenkt så mykje over dette. Men han nemner at å delta i dugnadsarbeid på Skistadion og den gjensidige respekten han opplever i partigruppa er faktorar som tel med for å finne plassen sin i lokalsamfunnet.

Eg pensar oss inn på temaet for vandrainga vår:

- Eg har tidlegare oppfatta at du ikkje er så veldig glad i fenomenet makt, og at det er absolutt ein verdi med to sider. Kan du seie litt meir om det?

- Eg er ikkje glad i makt når det er personar som vil fremme seg sjølv i det, få personlege fordelar av det. Makt kan spele seg ut på så mange område; for eksempel i det sosiale. Om nokon er svært tydelege og andre blir overkøyrde; det likar eg ikkje. Demokratiet er eit godt system for å unngå at folk får for mykje makt til å fremme sitt eige.

Eg må seie meg samd; vi har ganske mykje vern mot korrupsjon her til lands.

- Korleis ser du på di eiga makt som ordførar?

- Eg ser meg som ein lagleiar, ein som leier kommunestyret fram mot gode vedtak.

- Korleis opplever du forskjellen på å vera i opposisjon i forhold til å no vera i den posisjon du er som ordførar?

- Eg leier no eit kommunestyre der leiinga ikkje har fleirtal; det likar eg betre enn i førre periode der det var fleirtalsstyre. Det gjev ein meir spennande prosess fram mot vedtak, meir energi og kanskje betre vedtak enn når sakene i realiteten kunne vera avgjorte i ei partigruppe på førehand.

- Og samstundes er rolla di ei anna, du har ei makt til å leie dette laget, som du ikkje hadde i opposisjon, sette dagsorden for eksempel?

- Eg set vel ikkje så mykje dagsorden, men eg styrer til ein viss grad debatten og kan forsøke å skape litt balanse slik at synspunkta kjem fram og vi får ein god prosess mot gode vedtak.

Det er vel denne makta eg er ute etter, kjenner eg. Det er kanskje litt uheldig å kalle det makt, då det ordet er så negativt lada. Men det er viktig at nokon gjennom ei leiarrolle har makt til å gjennomføre og leie gode prosessar. Bli dette forvalta godt, er det å vera ordførar eller leiar generelt, ein god og ryddig maktposisjon.



Kva for symbolmakt gjev eit ordførarkjede?

Eg er også interessert i ei anna side ved ordførarrolla, symbolisert ved ordførarkjedet.

- Kva tenker du om den rolla; ei rolle med makt?

- Ikkje nett mykje makt, men eg kjenner meg svært privilegert som får lov til å utføre den delen av embetet også. Det er jo eit utruleg vakkert kjede – det finaste. (Det tek ikkje meir enn 11 år å bli Øystre Slidre-patriot, høyrer underteikna). Men fyrst og fremst er det eit privilegium å få vera med på å dela ut frivilligprisen, næringslivsprisen og andre slike høve; treffe på så mange flotte folk.

- Kan du seie meir om privilegiet?

Men eg tek meg i å ikkje vente på svar; berre kaste

meg på med mine egne tankar om kva symbolmakt kan brukast til. Symbolmakt er trass alt mitt område, og vi er alt blitt samde om at religiøs makt kan vera både byggjande og øydeleggjande. Og eg meiner at når ordføraren kjem med kjedet sitt, representerer han/ho makt til å gjere mykje godt. Ordføraren representerer heile Øystre Slidre kommune som set pris på den som har fått ein pris, eller det arrangementet som han er med og støttar. Symbolmakt er ei makt du kan byggje mykje bra med å støtte og gi folk og hendingar verdi.

Bjarne gjev uttrykk for at han er meir glad i omgrepet autoritet enn makt.

- Autoritet bygger på andre sin tillit, og det er noko du må gjere deg fortent til, den må du vera verdig. Det handlar om å vera seg sjølv. Ikkje bli freista til å ta ein sjargong, eller måte å vera på fordi det er tonen eller måten hos folk med viktige posisjonar.

Eg er samd; å vera seg sjølv er nødvendig for å vera truverdig, og det er positivt både i høve til å gjera det godt som leiar av kommunestyret og som berar av ordførarkjedet.

Vi er komne tilbake til Tingvang, og eg lurar på korleis han trivst i bygget. Vi er samde om at det er svært vakkert, og eg kan sjå at han har ein lett og god tone med dei han møter her. Og med det skal Bjarne få det siste ordet om makt til å gjere noko:

- Den makta sit ikkje berre i å gjere flotte og visjonære vedtak i kommunestyret. Det må og skje i samarbeid med dei som skal utføre vedtaka; dei må òg vera med i prosessen for at ein skal få noko til å skje. Det inneber å gjera prioriteringar. Det må ein våge for å få noko gjort, avsluttar han.

Eg takkar for mange spanande tankar om verdien av makt; både om den som kan misbrukast, men og om den makta som er til det gode.



## Fager kveldsol smiler

Mor song denne for meg ved senga på kvelden, og eg har sunge den for sonen min når han skulle sova. Eit tidspunkt på døgnet der me tok oss tid til å kjenne etter og samtale om korleis dagen har vore og morgondagen kunne bli.

Eg syns salma har vakker tekst og vakker melodi, samstundes som ho fortel om indre uro og behov for trøyst.

*Fager kveldssol smiler* rører meg, og bringer også minner om nære og kjære som har fått si siste kvile. Ta vare på kvarandre! God påske.

- Solveig Hårdnes

Fager kveldsol smiler,  
over heimen ned,  
jord og himmel kviler  
stilt i heilag fred.

Ingen kveld kan læra  
bekken fred og ro,  
ingi klokke bera  
honom kvilebod.

Berre bekken brusar  
frå det bratte fjell.  
Høyr, kor sterkt det susar  
i den stille kveld!

Så mitt hjarta stundar  
bankande i barm,  
til eg eingong blundar  
i Guds fader-arm.

Salme av August Heinrich Hoffman von Fallersleben frå 1837.  
Omsett til norsk av Peter Hognestad, 1904  
Melodi: Chr. H. Rinck omkring 1814





Gruppearbeid med påsketema



## Påskefeiring i Ukraina

Vi er fem damer fra Røde Kors omsorg som møter noen av flyktningene våre en gang i uka til språktrening.

Vi prater sammen om ulike tema, flyktningene lærer stadig mer norsk og vi blir kjent med mange spennende mennesker fra ulike land, blant annet Syria, Somalia, Afghanistan, Kongo, Eritrea, Thailand og Ukraina.

I januar fikk vi et spørsmål fra redaksjonen i «På kyrkjeveg» om vi kunne høre med flyktningene våre om hvordan de feirer påske.

Det ble en interessant «skoletime» for oss alle.

Først fortalte vi litt om hvordan de kristne feirer påskehøytiden her i Norge.

Så satte flyktningene seg sammen i grupper eller en og en og skrev ned og tegnet hvordan de feirer høytiden i sine respektive hjemland.

Noen av flyktningene er muslimer, og de fortalte om sin fastetid som heter Ramadan, i år er den søndag 10. mars og varer en måned. Da feirer de som vår påske med god mat, besøk i moskeen, besøk hverandre og hjelper hverandre. Festen kalles ID eller EID. Den er 9. april.

De flyktningene som er fra Ukraina er også kristne, ortodokse kristne. De feirer påske etter den Julianske kalenderen, mens vi feirer etter den Gregorianske kalenderen – som resten av Vest-Europa. Fordi Ukraina ønsker å vende seg mer mot vesten, har de begynt å feire etter den Gregorianske kalenderen de også. Og da forteller de at de feirer jul og påske to ganger, etter hver av kalenderne. Men det er nok bare en overgang inntil det politiske kaoset har lagt seg.

Denne dagen var de aller fleste fra Ukraina, og her er nesten ordrett noe av det de fortalte/skrev ned.

Fortellingene deres viser oss også hvor gode de har blitt i norsk, selv om vi så at «google translate» var mye i bruk.

«Påske er en viktig høytid i Ukraina. Den feires om våren fra 5. til 8. mai. Før påske har vi fastetid. Da kan vi ikke spise kjøtt, kylling eller fisk.

I påske har vi tre feriedager; lørdag, søndag og mandag. Uken før påske kalles palmeuken. Et par dager før påske baker vi påskekaker, rydder huset og vi maler egg i forskjellige farger.

I mitt land dekorerer vi også huset med blomster. Tulipaner og narsisser (påskeliljer) er hovedblomstene vi bruker. I påske går vi til kirken for å velsigne påske. Etter at vi har vært i kirken, kommer vi sammen med familie og venner, så drar vi hjem eller ut i skogen for å grille og slappe av i naturen.

Jeg og familien spiser påskematen sammen og feirer Kristi oppstandelse. Vi tar med en kurv med mat til kirken. I kurven har vi hjemmelaget pølse, skinke, vin, påskekake og egg. Folk går i kirken for å velsigne påskematen.

Presten ber om hellig vann før vi kan spise maten. Vi innvier en pilekvist i kirken, bærer den deretter hjem og setter den i vann.

På torsdag vasker alle huset, på fredag baker vi påskekake og maler egg, på lørdag lager vi mat, på søndag går vi kirken og så går vi hjem og spiser.

Hjemme har vi lagt egg og kake på et fremtredende sted i huset og tent et stearinlys.»

Vi synes det er veldig hyggelig og interessant å bli bedre kjent med alle disse nye innbyggerne våre og lære mer om deres kultur, deres tradisjoner og deres religioner.

Med ønske om en god og fredelig påske fra: Ingfrid Rotevatn, Ragna Lid, Live Robøle, Gro Lundby og Margareth Dalen

” På fredag baker vi påskekake og maler egg



## Påsketankar frå 1. klasse ved Rogne skule

TEKST OG FOTO: MARIANNE STRAUM

### 1. Kvifor feirar vi påske?

- Fordi det er gøy, og vi kan ete sjokoladeegg.
- Vi leitar etter påskeegg, og eit nytt år startar.
- Det er som laurdag, heile påska!
- Det er Jesus sin bursdag, han vart fødd i 2029.
- Jesus hadde bursdag og då vart det slik.
- Vi feirar JUL fordi Jesus vart fødd. Vi kan bestemme sjølve, men alle kristne feirar jula.
- Jesus døyde i påska, han mista hjertet sitt og det slutta å dunke. Nokon likte han ikkje, og han vart spikra opp på eit kors.
- Dei slemme mennene sa at dei måtte henge han på eit kors.
- Jesus vart fanga i ei hule og nokon andre tok vekk steinen.
- Han vart innestengt i ei hule bak ein stein, så vart den open og så var han i ein hage.
- Når Jesus låg i hola kom det ei jente, og det som var så rart var at Jesus skuespilla seg til å dø. Han hadde ei superplasterkappe.
- Han levde att fordi han skulle vere Jesus. Han vart såå snill at berre han kunne vere Jesus.
- Det var litt trist når han døyde, men det vart bra når han vakna att.

### 2. Palmesøndag, skjærtorsdag og langfredag:

- Palmesøndag er den første dagen i påska, og det var då Jesus vart gravlagd.
- Nei, då kom Jesus til ein annan by. Han skulle jo feire bursdag.

- Vi går i kyrkja for å feire Jesus.
- Skjærtorsdag skjærte han seg i tåa kanskje.
- Langfredag er lengre enn dei andre dagane. Så lang som eit tog!

### 3. Kvifor har vi påskeegg?

- Fordi påskeharen kjem for å feire påske og gir bort egg så alle barna blir glade.
- Fordi vi feirar, og påskeharen er snill som gir bort egg. Men eg har aldri sett han på butikken, så kvar får han tak i alt godteriet?

### 4. Kva er det beste med påska?

- Det er fint at vi kan vere åleine med familien og få vere litt i fred.
- Det beste er å få påskeegg med godteri og feire med familien.
- Det beste er å leite etter påskeegg.
- Det er gøy å finne egg.
- Det beste er å ete godteriet i egget!
- Det beste hadde vore å fange påskeharen!
- Eller å møte han (men eg har aldri sett han).
- Det beste er å få vere på hytta og gå på skitur.

Takk til Tilja, Truls Edwin, Iver, Edith, Adrian, Melaher, Olav, Sarah, Åste og Rick!



DESSE FEKK 4-ÅRSBOK I HEGGE KYRKJE 28. JANUAR:  
Frå venstre: Sokneprest Eli Vatn, Liam Fahre Borgvad, Jon Rudi-Solhaug, Pernille Nordtorp.  
FOTO: Ida Svensli Rudi

## Utdeling av 4-års-bok

DESSE FEKK 4-ÅRSBOK I VOLBU KYRKJE 28. JANUAR:  
Felix Elias Solhaug  
FOTO: Marianne Straum



DESSE FEKK 4-ÅRSBOK I LIDAR KYRKJE 14. JANUAR:  
Frå venstre: Eivind Brendstuen-Rudi, Ella Eckhoff-Brager, Martine Linn Skogen, Otilie Røe Lykken, Eline Linn Skogen.  
FOTO: Marianne Straum



DESSE FEKK 4-ÅRSBOK I ROGNE KYRKJE 14. JANUAR:  
Frå venstre: Amalie Hermundstad Aasbakken, Aksel Gjeile Bøe, Johan Klevgård Hovi, Lilly Maria Fjellheim Ortega, Andreas Steinsrud Wangensteen, Anja Skrebergene.  
FOTO: Marianne Straum



røyst i aksjon under messa.

# Folkemusikkmesse

TEKST: INGRID MEYRICK / FOTO: FRÅ ALBUMET TIL HEMSINGFESTIVALEN - BRUKT MED TILLATING

Hemsingfestivalen er for lengst vorte eit årvisst arrangement spekka med musikk framført av toppsjiktet av musikarar frå heile verda. Takka vera våre eigne Hemsing-syster får vi eit pust frå den store verda inn på dørstokken vår. Dei er sjølve oppvaksne i eit miljø med den klassiske musikken og folkemusikken hand i hand. Dei trakterer både hardingfelene og dei verdfulle fiolinane dei etterkvart har fått i hendene, på meisterleg vis. Dette året samarbeidde Hemsingfestivalen med kyrkja ved Carl Philip og Eli og staben i Aurdal kyrkje og arrangerte folkemusikkmesse då klokkene ringte inn til høgmesse på sundagen.

I samband med den siste gudstenestereformen i Den norske kyrkja vart det laga mykje ny liturgisk musikk. Mange komponistar leverte inn forslag, og komponisten Jo Asgeir Lie presenterte i 2009 ei komplett folkemusikkmesse basert på norsk tradisjonsmusikk. Han var i ei ti-årsperiode rektor ved kulturskolen i Ål, no er han rektor ved Ole Bull-akademiet på Voss med trekkspel som hovudinstrument, og er ein svært allsidig musikar med mange prisar innanfor fleire sjangrar. Folkemusikkmesa komponerte han medan han var i Ål, og der har dei brukt ho så ofte at kyrkjelyden har lært seg dei nye melodiane og syng med.

Denne sundagen i Aurdal i kyrkje fekk vi ei stor oppleving. Sjølvaste Jo Asgeir Lie var med saman med Eldbjørg og Ragnhild Hemsing, Sivert Holmen på fele og hardingfele, Bjørn Kåre Odde på bratsj, Monica Korsli Solberg på orgel, to frå FRAMR folkemusikarar og vårt eige sanglag, røyst. Eli og Carl Philip forretta.

røyst slo an tonen med «Nu rinder solen opp» med ein folketone frå Øystre Slidre etter Marit Karlberg arrangert av Henrik Ødegaard. Det var eit vart og fint preludium til denne

messa som var så annleis, men likevel kjent på eit forunderleg vis.

Eg trur det er mange som saknar den gamle klokkarbøna, men no vart ho lesen av Jenny klokkar før musikarane stemte i med ein heilt ny melodi på Kyrie og Gloria. Vi hadde fått hefter der notane var med, og her var det berre å følgja med så godt vi kunne. For oss som har fått vore med på denne liturgien fleire gonger, var det ein fryd å kjenne att melodiane og kunne vera med der kyrkjelyden skulle stemme i. Det gir det ein ekstra dimensjon at melodiane har folkemusikkpreg, her har Jo Asgeir Lie råka midt i den norske folkesjela.

Denne var fastelavnssundagen og evangelieteksten var frå Joh. 12. Der snakkar Jesus om at han skal døy og samanliknar det med kveitekornet som må døy for at det skal bera frukt. Carl Philip ga oss både alvor og håp og minte oss om at vi står i ein mektig samanheng med heile den verdsvide kyrkja. Dette vart også ytterlegare forsterka ved at vi her fekk vera med i ein stor kyrkjelyd med mange nattverdgjester.

Alle dei liturgiske ledda var med, dei hadde berre fått nye melodiar. Alle salmane vi song hadde folketonemelodiar, og for ein musikk! Somme gonger var det som om taket i Aurdalkyrkja lyfta seg endå eit hakk opp.

Viss ein kunne snakke om berre eitt høgdpunkt på denne messa, så vart det for meg då vi song «Sanctus, sanctus, Dominos Deus Sabaot» fleire gonger med akkompagnement og mellomspel av heile musikkggruppa. Eg tek meg i å nynne på dette rett som det er enno snart to veker etterpå.

Lat oss få fleire folkemusikkmesser! Vi har musikarar som kan leie oss her lokalt. Denne liturgien bør endå fleire få oppleva.



## KYRKJELEGE HANDLINGAR DESEMBER 2023-MARS 2024

### DÅP

#### LIDAR

Eirik Vandsemb Lykken

#### HEGGE

Eiril Lien Olsen

#### VOLBU

Elli Christiansen Mandt

#### ROGNE

Ivar Myreng

Håkon Hovda Østlund

Ingrid-Olava Bjerkeli-Schlytter

Wilhelm Kahrs-Karlsen (Holmenkollen-kapell)

### VIGSEL

#### LYSKAPELLET

Vivvi Thomassen og Nils Erik Garstad

### GRAVFERD

#### HEGGE

Margit Dæhli

Olav Klinkenberg

#### VOLBU

Harriet Regine Jørstad

#### ROGNE

Erik Oddvar Haugen

Bjørn Larsen

Kjell Einar Furulund

Erik Moe

# Kulturminne i Øystre Slidre

AV: MARTHA SYNØVE VIKEN

## SKULEMUSEUM I VOLBU

Volbu skule vart bygd i 1852 som den fyrste faste skulen i Øystre Slidre og den andre i heile Valdres: Ved sida av kyrkja var skulen samlingstaden for volbuingane i 157 år. Der var det 17. mai-feiringar, juletreffar, diakoniarbeid, kyrkjekaffe, øving av songlag, korps, Fram ungdomslag, husmorlag, bondekvinnelag, arbeidsstogo, barneteater, trim m.m. Nytt skulehus vart bygd og teke i bruk i 1942, det er dette skulehuset som står her i dag.

Då Øystre Slidre bygde barne- og ungdomsskule ved Tingvang, vart 4. – 7. klasse flytt dit med alt av bøker, sløyd og anna materiell som høyrde storskulen til. Attende var småskulen 1. – 3. klasse. Til skuleåret 1980/81 vart heile skulen pussa opp innvendig.

I 1994 var tida inne for å gi skulen ei meir universell utforming. Då fekk skulen eit nytt tilbygg med ein skulesal, nye toalett og nytt inngangsparti og skulen vart måla raud som i dag.

Året 2009 vart det stor endring, Øystre Slidre fekk to barneskular, Rogne og Lidar, og ungdomsskulen ØSUS. Skulane i Beito, Heggebø og Volbu vart lagt ned.

Kva no med skulehuset? Uvissa var stor. Huset var i bra stand med nye vindauge i alle salar og det vart sprøyt inn ny

isolasjon i alle vegger. Ute var det mange leikeapparat, lavvo, gapahuk på Løkjeshovda og eit flott turområde.

Ettersom eg har brukt heile arbeidstida mi, 41 år, ved denne skulen, har eg hatt eit stort ynskje om å lage eit «museum» om skulehistoria her i Volbu.

Volbu skule er, som alle er kjende med, vorte til Volbu grendehus i dag, men i 2. høgda har eg samla restane av det som var att av skuleting som pultar, møbler, bøker, lærar- og elevarbeid, skulegrupper, album m.m. Dessutan har eg skrivne skulehistoria og litt om dei fleste lærarane som har vore ved skulen. Då skulen var 150 år, vart det laga eit skriv: «Volbu skule i 150 år» der det er mange bilete og mykje historie om skulen.

Det har teke lang tid å ordne dette, og eg har enno att ein del prosjekt der, men no gjev eg frå meg ansvaret og håpar det vil vera av interesse og at det blir brukt framover! Eg har ein del tankar om bruk framover, men grunna alder og lite pågangsmot vil eg ikkje ha hovudansvaret for dette.

Stor takk for all støtte og hjelp med å få dette til! «Ingen nevnt, ingen glemt!»

Stor takk til lærarar, elevar og foreldre for gode og minnerike år ved Volbu skule!



Bilete av Volbu gamle skule. Foto tilhørde Knut Lauvrud, - gitt til Martha S. Viken i høve etablering av skulemuseet i Volbu.

## Volbu kyrkjegard

TEKST: OVE EKEKBAKKE FOTO: SASKIA ALEIDA VAN VEEN

Volbu kirkegård har en lang og rik historie som strekker seg tilbake til middelalderen. Kirkegården har vært knyttet til Volbu kirke, som opprinnelig var en stavkirke fra 1100-tallet, viet til den hellige Blasius. Stavkirken ble revet i ca. 1831, da den var i dårlig stand og erstattet med en ny langkirke i tre. Den nye kirken ble innviet omtrent på samme tid, og har senere blitt utvidet og restaurert flere ganger.



En spesiell detalj ved Volbu kirkegård er steinmuren som omkranser den.

Den gamle kirkegården har få spor etter seg, men noen fragmenter av gamle gravminner er bevart. Det eldste av disse er datert til 27. juni 1711, og viser at det har vært gravlagt folk her i over 300 år.

Kirkegården ble satt i "lovforsvarlig stand" i 1832-33 i forbindelse med den nye kirken. Siden da har kirkegården blitt utvidet flere ganger, for å imøtekomme behovet for mer plass. Første gang kirkegården ble utvidet var i 1906 da den fikk et nytt gjerde og en ny port. I 1926 ble kirkegården utvidet igjen, med et nytt jordstykke på nordsiden.

I 1967 ble det vedtatt å utvide kirkegården enda en gang, med et større areal på vestsiden. Denne utvidelsen ble planlagt av hagearkitekt Tore Breland, og utført mellom 1973 og 1976.

I dag har Volbu kirkegård et variert og vakkert landskap, med trær, busker, blomster og plener. Det foreligger nå planer om å legge til en navnet minnelund ved Volbu kyrkje, som vil gi et alternativ til en vanlig gravplass.

En spesiell detalj ved Volbu kirkegård er den steinmuren som omkranser den. Muren ble for det meste muret av Andreas Løvås, som var 77 år da arbeidet begynte.

Det var noe uro om at Andreas var for gammel til dette arbeidet, men han ville gjerne prøve. Det ble foreslått at han burde få hjelp av en gravemaskin, men det hadde ikke kommunen penger til. Derfor ble det til at muringen ble gjort for hånd med stein som ble kjørt ned fra fjellet av Ola Rudi. Det går godt an å se forskjellen i alder på den gamle muren og den nye. Muren er et flott eksempel på lokal håndverkskunst, og et minne om Andreas Løvås' innsats.

Det var også for lite masse i Volbu, men heldigvis hadde de masse til overs ved Rogne kyrkje. Denne massen ble kjørt til Volbu, og brukt til å jevne ut og heve kirkegården. Dette gjorde at kirkegården fikk et bedre dreneringssystem og et mer harmonisk utseende.



Gammelt gravminne som er utstilt i stavkyrkjemuseet ved Volbu kyrkje.

# VELKOMEN TIL KYRKJE!

## FULLDISTRIBUSJON

### Mars

24 03 2024 Rogne kyrkje kl. 11.00  
Palmesundag. Høgmesse ved prost Carl Philip Weisser

24 03 2024 Lyskapellet kl. 11.00  
Palmesundag. Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

24 03 2024 Ø. S. helsetun kl. 16.30  
Palmesundag. Gudsteneste ved prost Carl Philip Weisser

28 03 2024 Lyskapellet kl. 17.30  
Skjærtorsdag. Den gylne time med nattverd ved sokneprest Eli Vatn

28 03 2024 Volbu kyrkje kl. 19.30  
Skjærtorsdag. Høgmesse ved sokneprest Eli Vatn

29 03 2024 Vangsjøen kl. 11.00  
Langfredag. Påskefjellgudsteneste ved prost Carl Philip Weisser

29 03 2024 Lidar kyrkje kl. 19.30  
Langfredag. Pasjonsgudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

31 03 2024 Hegge stavkyrkje kl. 11.00  
Påskedag. Høgtidsmesse ved prost Carl Philip Weisser

### April

07 04 2024 Rogne kyrkje kl. 11.00  
Høgmesse ved prost Carl Philip Weisser

14 04 2024 Lidar kyrkje kl. 11.00  
Gudsteneste ved prost Carl Philip Weisser

21 04 2024 Hegge kyrkje kl. 11.00  
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn.  
Tårnagent

### Mai

05 05 2024 Volbu kyrkje kl. 11.00  
Høgmesse ved sokneprest Eli Vatn.  
Tårnagent

17 05 2024 Volbu kyrkje kl. 09.30  
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

19 05 2024 Hegge kyrkje kl. 11.00  
Pinsedag. Gudsteneste ved prost Carl Philip Weisser

20 05 2024 Rogne kyrkje kl. 11.00 2.  
Pinsdag. Høgmesse ved sokneprest Eli Vatn

26 05 2024 Lidar kyrkje kl. 11.00  
Samtalegudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

### Juni

02 06 2024 Volbu kyrkje kl. 10.30  
Konfirmasjon ved sokneprest Eli Vatn

02 06 2023 Rogne kyrkje kl. 12.30  
Konfirmasjon ved sokneprest Eli Vatn

08 06 2024 Rogne kyrkje kl. 11.00  
Konfirmasjon ved sokneprest Eli Vatn

09 06 2024 Lidar kyrkje kl. 10.30  
Konfirmasjon ved sokneprest Eli Vatn

09 06 2024 Hegge stavkyrkje kl. 12.30  
Konfirmasjon ved sokneprest Eli Vatn

23 06 2024 Volbu kyrkje kl. 11.00  
Høgmesse ved prost Carl Philip Weisser

23 06 2024 Hegge kyrkje kl. 13.00  
Gudsteneste med dåp ved prost Carl Philip Weisser

30 06 2024 Rogne kyrkje kl. 19.30  
Høgmesse ved prost Carl Philip Weisser

### KONFIRMANTAR 2024

#### VOLBU KYRKJE 02.06.2024 KL. 10.30

Andreas Kristoffer Garvik  
Tiril Bakke Vestheim

#### ROGNE KYRKJE 02.06.2024 KL. 12.30

Nikolai Underdal Breiseth  
Isak Børselien  
Simen Onstein Hagene  
Oskar Hoffman  
Kåre Dahlen Myhre  
Vemund Berger Myreng  
Andreas Myrvang  
Håvard Bie Pettersen  
Tiago Diego Renaers  
Sigurd Jørstad Ringli  
Øystein Voldhaug Roland  
Mali Voldhaug Roland  
Mathea Emmeli Dongxue Rudi  
Maria Margrete Sueasa- Johansen

#### ROGNE KYRKJE 08.06.2024 KL. 11.00

Synne Engen Andersen  
Benjamin Patrick Fjellheim Ortega  
Anne Cecilie Mathisen  
Stine Marie Hillestad Sollie

#### LIDAR KYRKJE 09.06.2024 KL. 10.30

Sigmund Brendstuen-Rudi  
Amund Helle-Larsen  
Oliver Nilsen  
Steffen Gjølgaali Skoglund  
Emma Hovi  
Aurora Müller

#### HEGGE KYRKJE 09.06.2024 KL. 12.30

Even Bustebakke  
Mathias Høyme  
Eskil Robøle Presthegge  
Sigurd Berge Aastveit  
Jannicken Høyme  
Ingrid Sunnvoll Melbye

### Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30 i Lyskapellet.

### Babysong

09. og 30. april, 14. og 28. mai 2024 i Rogne kyrkjestogo kl.11.00-13.00.

Babyar mellom null og eitt år er hjarteleg velkomne saman med foreldra til ei koseleg stund med song, musikk og lett servering.

### Salmekveld

Salmekveldar i Rogne kyrkjestogo 8. april, 13. mai og 10. juni kl. 19.00

### Dugurdsprat

Enkel formiddagsmat med samtale om store og små tema. Onsdag 17. april kl. 13.00-15.00. Ta kontakt med Eli Vatn tlf. 99129976 e-post [ev869@kyrkja.no](mailto:ev869@kyrkja.no) for spørsmål om stad og andre ting du måtte lure på. Hjarteleg velkomen.

### Pusterom

Open kyrkje i Volbu frå kl. 18.00. Felles meditasjonsstund frå kl. 18.30

*Datoar for pusterom blir kunngjort i gudstenestelista i avisa Valdres, heimesida og Facebook-sida til kyrkja.*

[www.skjerikirken.no](http://www.skjerikirken.no)  
Dette er ei felles infoside om alt som skjer i kyrkja.

KYRKJA SI HEIMESIDE:  
[www.kyrkja.no/oystre-slidre](http://www.kyrkja.no/oystre-slidre)

KYRKJA ER ÒG PÅ FACEBOOK.  
[/Kyrkja-i-Øystre-Slidre](#)

Her fortel vi om hendingar og opplegg knytt til kyrkjer og kyrkjeliv i kommunen.